

Notat

Dato: 15.05.2019
Arkivsak: 2019/11599-1
Saksbehandlar: torrutl

Til: Fellesnemnda

Frå: Fylkesrådmannen

Status i prosjekt for felles organisasjonskultur, Vestland fylkeskommune

Ein viser til orientering gitt i fellesnemnda 13. mars 2019.

Prosjekt «Felles organisasjonskultur; samfunnsoppdrag, visjon og verdier for VLFK» har vore i arbeid sidan nyttår. Føremålet med arbeidet er å skape grunnlag for bygging av ein felles organisasjonskultur i den nye organisasjonen. Felles samfunnsoppdrag, visjon og verdier er verdifulle verktøy for langsiktig utvikling av leiarar og medarbeidarar. Dei gir òg eit overordna grunnlag for strategiutvikling, planarbeid, anbudsprosessar og rekruttering og vert retningsgjevande for det daglege arbeidet i fylkeskommunen.

MANDAT FELLES KULTUR OG IDENTITET

Hovudmålet med prosjektet er å skape ein felles kultur og identitet


Hovudmål

Skape ein felles kultur og identitet


Resultatmål

Utarbeide eit grunnlag for avgjerd om samfunnsoppdrag, visjon og verdier for den nye Vestland fylkeskommune


Effektmål





Bygge ny, felles kultur og identitet



Skape ei felles retning, internt og eksternt




Forankre, engasjere og motivere internt og eksternt

 HORDALAND
FYLKESKOMMUNE  SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Bilete 1: Mandat for prosjektet


I perioden januar – april 2019 har prosjektgruppa arbeidd med å definere viktige interessentar, metodar for involvering og gjennomføring av denne involveringa. Gjennom heile prosessen har det vore viktig å sikre ei brei og god involvering, både internt og eksternt, for å danne eit best mogleg grunnlag for val av samfunnsoppdrag, visjon og verdiar. Det er gjennomført fleire kreative samlingar med diverse interessentar, ei verdiundersøking er sendt ut internt og eksternt og alle deltakarar på dialogmøta har fått tilbod om å svare på ei spørjeundersøking retta mot kultur og visjon.



Bilete 2: Framdrift i prosjektet

Føremålet med involveringa er å få ein best mogleg innsikt i tilsette, innbyggjarar og andre interessentar sine forventningar til nye Vestland, basert på kva verdiar og visjon ein gjerne vil ha som drivarar i organisasjonskulturen. Mykje verdfull innsikt har òg kome ut av møte og workshopsamlingar med leiarar, rektorar, tillitsvalde, elevråd og politiske råd.

Verdiundersøkinga blei sendt ut til alle tilsette, eit utval innbyggjarar i begge fylke, fylkestinga, ungdommens fylkesutval, fylkeseldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF). Her fekk ein spørsmål om kva for verdiar som er viktige for kvar enkelt personleg, opplevinga av kultur i dagens fylkeskommunar og ønska framtidig kultur for Vestland fylkeskommune. Verdiundersøkinga gjer det mogleg å sjå korleis noverande kultur i fylkeskommunane vert oppfatta, kva ein ønskjer at den framtidige kulturen skal vere prega av, og å sjå likskap/ulikskap mellom interessentgruppene. Dette gir oss eit grunnlag for å velje samfunnsoppdrag, visjon og verdiar som har gode eigenskapar i det langsiktige arbeidet med å bygge ein felles organisasjonskultur gjennom verdibasert leiing.



Bilete 3: Oversikt over involvering

Prosjektleiari Rune Haugsdal og den nye toppleiargruppa for Vestland fylkeskommune har hatt tre intensive workshopmøte og arbeid med resultatane frå kartlegginga. I møte i fellesnemnda 23. mai vert det ein utfyllande presentasjon og vi vil leggje fram moglege formuleringar av samfunnsoppdrag, visjon og verdiar.

Eit endeleg forslag vert lagt fram for fellesnemnda 18. juni 2019.